

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

**Vår dato:** 25.06.2024

**Vår ref.:** 200806622-68 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

## **Avgrensa høyring av søknad om forlengd byggjefrist for Kråkeelvi kraftverk i Høyanger kommune**

NVE har fått ein søknad frå Sognekraft AS om løyve til å forlengje byggjefristen for Kråkeelvi kraftverk med fem år, til 20.10.2027. NVE gav konsesjon til Kråkeelvi kraftverk i vedtak den 26.02.2016. Konsesjonsvedtaket blei påklaga til Olje- og energidepartementet (no Energidepartementet), som heldt NVE sitt vedtak ved lag i brev av 20.10.2017.

Det følgjer av vilkårspost nr. 2 i vassdragskonsesjonen at konsesjonær må starte bygging av kraftverket før det har gått fem år frå konsesjonsdato, elles fell konsesjonen bort. NVE kan forlengje byggjefristen éin gong med inntil fem nye år.

Søknaden om forlengd byggjefrist har tidlegare vore på høyring 22.06.2023-13.08.2023 utan at det vart fatta noko vedtak. Etter høyringa bad NVE om oppdatert kartlegging av naturmangfald i influensområdet til kraftverket, fordi me meinte at kartleggingane ikkje var tilstrekkelege til å kunna fatta vedtak. Den opphavlege kartlegginga følgde ein metodikk frå før 2009. Sidan den gong har NVE revidert rettleiar for dokumentasjon av biologisk mangfald, og siste reviderte utgåve er rettleiar nr. 6-2018. NVE fekk ny rapport med konsekvensvurdering av naturmangfald for Kråkeelvi kraftverk 21.06.2024. Rapporten er vedlagd.

NVE har også fått detaljplan for tiltaket. Detaljplanen har vore på eiga høyring (NVE-referanse 202314119-2), og vil bli vurdert i eit eige vedtak.

### **Her finn du søknaden**

Søknaden om forlengd byggjefrist for Kråkeelvi kraftverk er tilgjengeleg på NVE si nettside: [www.nve.no/5186/V](http://www.nve.no/5186/V).

### **Slik sender du inn høyringsfråsegn**

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at det krevst kunngjering og brei offentleg høyring. Søknaden om forlengd byggjefrist blir derfor berre sendt på avgrensa høyring til Høyanger kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland.

NVE ynskjer tilbakemelding om det har oppstått nye forhold som kan ha noko å seie for konsesjonen sidan sist høyring, og ber no om kommentarar til den nye rapporten med



konsekvensvurdering av naturmangfold. Vi ynskjer også tilbakemelding dersom de veit om nye partar som kan bli ramma av saka, slik at dei også kan få høve til å uttale seg.

Vi ber Statsforvaltaren særleg vurdere om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg etter naturmangfaldslova § 8, eller om det er behov for ytterlegare utgreiingar.

Fråsegn sendes på e-post til [uttalelse@nve.no](mailto:uttalelse@nve.no). Merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 200806622 i emnefeltet.

Frist for å sende inn fråsegn er:

**30.08.2024**

Med helsing

Brit Torill Haugen  
fagleiar

Malin Solheim Olsen  
Førstekonsulent

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner*

**Mottakarliste:**

HØYANGER KOMMUNE  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

**Kopimottakarliste:**

SOGNEKRAFT PRODUKSJON AS - KÅRE FOSSE  
SOGNEKRAFT AS